

Referat

www.abo-ark.no
post@abo-ark.no

Prosjekt : **Detaljregulering Langeland B5**
gnr. 324 bnr. 7, 90 m. fl.

Avdeling Os
Org.nr. 879 951 542
Hamnevegen 53,
PB. 291, 5203 Os
Tlf: 56 57 00 70

Sak : Vegløysing – snuhammar o_SKV1 og o_SKV2

Avdeling Stord
Org.nr. 917 495 637
Torgbakken 9
PB. 667, 5404 Stord
Tlf: 53 40 37 80

Stad : Teams

Dato/tid : 22.05.2023, kl. 12 – 13.

Tilstades:

Mail

Init.

Alver kommune, plan	Merethe Tvedt	merethe.tvedt@alver.kommune.no	MT
Alver kommune, Veg	Irene Nærbø Wilhelmsen	irene.wilhelmsen@alver.komune.no	INW
Alver kommune	Torkjell Holm Brenna	torkjell.holm.brenna@alver.mommune	THB
FRADA AS	Frank Rune Dale	frd@frada.no	FRD
ABO Plan & Arkitektur AS	Tor Arne Olsen	tor@abo-ark.no	TAO
ABO Plan & Arkitektur AS	Merete Lunde	merete@abo-ark.no	ML

Referat sendt møtedeltakarane

Møteleder: MT

Referent: ML

Sak	Sak/omtale	Ansv/frist
1	Bakgrunn	
	<p>Etter offentlig ettersyn og avgrensa høyring vart planforslag for Langeland, datert 09.02.2023, sendt Alver kommune for kommunal kontroll før 2. gangs behandling. Alver kommune har kome med sine tilbakemeldingar i følgjande brev:</p> <ul style="list-style-type: none"> Planavdelinga datert 23.03.2023. Vegavdelinga datert 11.04.2023. <p>Tema for møtet gjaldt følgjande fire punkt i Vegavdelinga si uttale:</p> <ol style="list-style-type: none"> Snuhammar i enden av veg o_SKV1 Nedseinka kantstein i avkøyrse Gnr/bnr 324/105 Annan veggrunn er opparbeida som hage og avkøyrse Snuhammar i enden av veg o_SKV2 <p>Uttalene og konklusjon i møtet, er oppsummert under. Brevet frå vegavdelinga følgjer som vedlegg.</p>	

<p>2</p>	<p>Snuhammar i enden av veg o_SKV1</p> <p><u>Uttale 11.04.2023</u> «Å planlegge ein ny offentleg veg som stoppar midt på eit vegstrekk er ikkje forsvarleg verken med omsyn på trafikkikkerheit eller HMS-krav for det personell som skal drive drift og vedlikehald.</p> <p>Om det er tenkt at snuplass skal vere i enden av Torvavegen og at heile vegen skal overtakast til offentleg drift og vedlikehald, må det inn i føresegnene til den nye planen at Tovavegen i sin heilheit må tilfredsstillende gjeldande krav. Torvavegen i sin heilheit skal vere godkjent av vegavdelinga i kommunen og matrikkel overført til Alver kommune før bruksløyve vert gitt for nye bustader i det nye feltet.»</p> <p><u>Konklusjon i møtet:</u> Offentleg veg o_KV1 (tidlegare o_SKV1) vert avslutta med snuhammar for lastebil i kryss o_KV1 / f_V4.</p>	
<p>3</p>	<p><u>Nedseinka kantstein i avkøyrsl</u></p> <p>«SV6 er privat veg med avkøyrsl over fortau regulert SKF (kombinert formål fortau veg.) Slike fortau skal byggast med nedseinka kantstein. Siktsona skal ikkje målast frå kant veg men frå innside fortau. Det bør vere eit klart skille mellom innside fortau og privat veg. i tillegg bør denne vegen få f forran SV6, f_SV6. Det same gjeld SKV3, f_SKV3.»</p> <p><u>Konklusjon i møtet:</u> Avkøyrsl SV6 (no f_V5) vert regulert som kryss utan gjennomgåande fortau. Dette pga. vegen skal kunne nyttast som landbruksveg med større køyretøy, i tillegg til bustadtilkomst.</p> <p>For avkøyrslar med gjennomgåande fortau, regulert med SK-område, vert det nedseinka kantstein på begge sider av fortauet og siktlinje vert målt frå innside fortau. Dette vert gjeldande for f_V2 og f_V3.</p>	
<p>4</p>	<p>Gnr/bnr 324/105 Annan veggrunn er opparbeida som hage og avkøyrsl</p> <p><u>Uttal 11.04.2023:</u> Øvst i o_SKV1 er det regulert annan veggrunn grønt med fortau langs heile halvsirkelen. Dette området tilhøyrer i dag bebygd eigedom 324/105 og er opparbeida som hage og avkøyrsl.</p> <p><u>Konklusjon i møtet:</u> Annan veggrunn på gnr/bnr 324/105 vert endra til bustadføremaal med siktlinje. Ei stripe langs fortauet vert behalde som annan veggrunn. For å kunne ivareta eksisterande hekk, vert vegen flytta ut 0,5 m i kurva.</p>	

5	Snuhammar i enden av veg o_SKV2	
	<p>o_SKV2 endar i eit område kor det ser ut til at snuhammar er kombinert med vegen. Dette er ikkje ei heldig løysing med tanke på HMS, trafikkikkerheit og drift/vedlikehald. Ved nyetablering av offentleg veg skal snuareal skiljast frå anna trafikkområde. Slik plankartet er utforma med snuareal langs veg i enden av o_SKV2, er det lagt opp til rygging i eit område kor det er svært mange kryss og avkøyrslar samt fortau på begge sider av krysset. I tillegg er det leikeplass like ved. Dette er ikkje ei trafikkikker løysing. Snuhammar må etablerast utanfor planlagt trafikkområde. I tillegg er det eit spørsmål i forhold til vintervedlikehald og snøopplag når den offentlege vegen stoppar og går rett over i f_SV4.</p> <p><u>Konklusjon i møtet:</u> Vegavdelinga kan akseptere at lastebil snur i krysset o_SKV2 (no o_KV2) sør for BBB2. Grunngevinga er at frekvens på lastebil er låg. Det er i hovudsak renovasjonsbil ei gong i veka og brøytebil ved snø. Det var semje om å gjer følgjande endringar i plankartet:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Fortau o_SF6 langs BBB2 (no BB2) utgår. • Veg f_SV4 utgår og vert erstatta av utvida o_SKV2 (no o_KV2). • Fortau o_SF5 (no o_FO7) vert forlenga mot avrundinga i krysset. 	

Os, 02.06.2023

Med helsing
ABO Plan & Arkitektur AS

Merete Lunde

Vedlegg: Brev frå Vegavdeling i Alver kommune, datert 11.04.2023.



Abo Plan & Arkitektur As
Postboks 291
5203 Os

Referanser:

Dykkar:

Vår: 22/5689 - 23/27257

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen

irene.wilhelmsen@alver.kommune.no

Dato:

11.04.2023

Uttale VEG - Langeland B5 detaljregulering - dokumentasjon til 2. gangs behandling

Reguleringsplan: Gnr. 324 bnr 7, 90, 147 m.fl. Langeland
Nasjonal arealplan-ID: 4631_2016 0001

Uttale til reguleringskart:

Offentleg vegareal:

Slik o_SKV1 ligg i kartet er denne påkopla dagens veg, Torvavegen. Torvavegen er pr. i dag ikkje overtatt til offentlig drift og vedlikehald. I plankartet frå 2003 med endring i 2004 er Torvavegen regulert til 4m asfaltertbreidde (jfr. føresegn §6.1) og snuplass skal dimensjoneresast for lastebil. Snuplass er regulert til r = 10m med byggegrense 2m frå formålsgrense veg.

Ved snuplassen er ikkje byggegrense mot veg i varetatt og fleire bygg ligg utanfor byggegrense mot veg og det eine bygget ligg med deler av bygningsmassen innanfor formålsgrensa for veg.

Å planlegge ein ny offentlig veg som stoppar midt på eit vegstrekk er ikkje forsvarleg verken med omsyn på trafikksikkerheit eller HMS-krav for det personell som skal drive drift og vedlikehald.

Om det er tenkt at snuplass skal vere i enden av Torvavegen og at heile vegen skal overtakast til offentlig drift og vedlikehald, må det inn i føresegnene til den nye planen at Torvavegen i sin heilheit må tilfredstille gjeldande krav. Torvavegen i sin heilheit skal vere godkjent av vegavdelinga i kommunen og matrikkel overført til Alver kommune før bruksløyve vert gitt for nye bustader i det nye feltet.

SV6 er privat veg med avkøyrsløp over fortau regulert SKF (kombinert formål fortau veg.) Slike fortau skal byggast med nedseinka kantstein. Siktsona skal ikkje målast frå kant veg men frå innsida fortau. Det bør vere eit klart skille mellom innsida fortau og privat veg. i tillegg bør denne vegen få f foran SV6, f_SV6. Det same gjeld SKV3, f_SKV3.

Øvst i o_SKV1 er det regulert annan veggrunn grønt med fortau langs heile halvsirkelen. Dette området tilhøyrer i dag bebyggd eigedom 324/105 og er opparbeida som hage og avkøyrsløp.

o_SKV2 endar i eit område kor det ser ut til at snuhammar er kombinert med vegen. Dette er ikkje ei heldig løysing med tanke på HMS, trafikksikkerheit og drift/vedlikehald. Ved nyetablering av offentlig veg skal snuareal skiljast frå anna trafikkområde. Slik plankartet er utforma med snuareal langs veg i enden av

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Organisasjonsnummer: 920 290 922

o_SKV2, er det lagt opp til rygging i eit område kor det er svært mange kryss og avkøyrer samt fortau på begge sider av krysset. I tillegg er det leikeplass like ved. Dette er ikkje ei trafrikksikker løysing. Snuhammar må etalerast utanfor planlagt trafikkområde. I tillegg er det eit spørsmål i forhold til vintervedlikehald og snøopplag når den offentlege vegen stoppar og går rett over i f_SV4.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-
forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Merethe Tvedt

Mottakarar:

Abo Plan & Arkitektur As

Postboks 291

5203

Os